



Blir det sal eller leige av Sætre-huset? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Enno ligg det ikkje føre noko konkret om sal av Sætre-huset i sentrum av Uskedalen. Det opplyser Harald Sætre til uskedalen.no.**

Fem-seks personar har vore på visning og to av dei har sagt seg interessert i kjøp utan at nokre av dei så langt har fremja noko konkret bod.

Men Sætre er forundra over at det det har vore null interesse for å leige forretningslokalet. Han trudde at eit så sentralt lokale med moglegheiter for også å ta i bruk kjellarlokala på 100 kvadratmeter, var eit attraktivt tilbod. Sætre strekar under at han ved ei langsiktig leigeavtale ville ha sett i gang ei oppgradering både av forretningslokalet og kjellaren.

- No får vi vente og se om det blir sal eller utleige, seier Sætre.

Av Ola Matti Mathisen